

VARSEL OM OPPSTART AV DETALJREGULERING – BREIVIKA HAMN

På bakgrunn av vedtak i kommunestyret 25.10.21 (saksnr: KO-106/21) og i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 12-8 varslar Vanylven kommune med dette oppstart av detaljregulering av Breivika hamn. Planen blir utarbeidd i samsvar med pbl §12-3 og §12-10. Norconsult AS er innleigd som planrådgjevar.

Føremålet med planarbeidet er å få formelt plangrunnlag for fylling ut i sjøen og utvikle ei hamn med ulike service- og kaifunksjonar for båttrafikk i Breivika.

Planstatus

Området er ikkje regulert tidlegare. Området er i gjeldande arealdel til kommuneplanen avsett til «andre typer bebyggelse og anlegg», «offentleg og privat tenesteyting» og «LNF-område», og i sjøen til; «småbåthamn» og «kombinerte formål i sjø og vassdrag» og tiltaket er såleis delvis i tråd overordna plan.

I den Interkommunale kystsoneplanen for Søre Sunnmøre 2022-2027, som ligg ute på offentlig ettersyn med høyringsfrist 28. januar, er sjøområdet ved Småstranda foreslått avsett til framtidig småbåthamn samt eit kombinert formål for fiske, farlei, ferdsel og friluftsliv. Det aktuelle område er i kystsoneplanen avmerka med omsynssone H_710 (bandlegging for regulering). Behovet for samordning mellom desse to planane vert vurdert før vedtak.

Krav til konsekvensutgreiing

Vanylven kommune vurderer at tiltaket utløyer krav om konsekvensutgreiing i samsvar med *Forskrift om konsekvensutredningar* (vedlegg II punkt 10 e) og k) samt punkt 11 j) og k). Forholda som innleiingsvis er identifisert for konsekvensutgreiing er: Trafikk (på land og sjø), marinbiologisk naturmangfald, friluftsliv og landskapsverknader. Det må i tillegg vurderast om det er behov for tiltak for sikre mot skredfare og om grunnforholda elles gir behov for å ta særskilte omsyn.

Planprosess

Dette er i fyrste omgang eit varsel om at planarbeidet er starta opp. Har du opplysningar eller synspunkt som er viktige å ta høgde for i høve planarbeidet ber vi om å få tilsendt desse innan **12.02.22**. Innspel til planarbeidet merkast med «Detaljregulering Breivika» og sendast enten som brev til Vanylven kommune, Rådhusvegen 1, 6143 Fiskå eller med e-post til: postmottak@vanylven.kommune.no.

Kontaktperson hos Vanylven kommune er kommunalsjef teknisk Helge Kleppe, tlf: 70030071.

Når det er utarbeidd eit forslag til reguleringsplan vil denne bli lagt ut til offentlig ettersyn i minimum 6 veker. Dette vil bli annonsert i Synste Møre, og grunneigarar og aktuelle myndigheiter vil bli varsla per Altinn/brev/e-post. Ved offentlig ettersyn vert planen lagt ut på kommunen si heimeside og det vil då vere moglegheiter for å sjå på løysingane i planen og kome med meir konkrete innspel.